

Samarbeidsavtale

mellom

Ulvik herad og Ulvik idrettsråd

Bakgrunn og formål med avtalen:

Heradet og idretten har eit felles mål om å skapa eit levande lokalsamfunn der folk kjenner seg trygge, finn mening, og trivst. Formålet med denne avtalen mellom Ulvik herad og Ulvik idrettsråd er å styrkja det naudsynte samspelet mellom heradet og idrettsrådet. Dette skal bidra til å klargjera viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar.

- 1. Avtalepartar** er Ulvik herad v/ordførar og Ulvik idrettsråd v/styret.
- 2. Avtaleperiode:** Avtalen evaluerast annakvart år og kan elles reviderast når ein av partane ynskjer det.
- 3. Mål:** Samarbeidsavtalen skal vera med å:
 - fremja felles mål om idrett, fysisk aktivitet og folkehelse for alle i heradet
 - sikra god samordning og kommunikasjon mellom Ulvik herad og idretten
 - klargjera viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar til samarbeidet
 - sikra god ressursutnytting av offentlege midlar til idrettsanlegg og aktivitet
- 4. Idrettsrådet si rolle**
 - 4.1 Idrettsrådet er eit fellesorgan for all idrett i Ulvik herad som er organisert i Norges Idrettsforbund gjennom Vestland Idrettskrets og underlagt NIF sine lover og vedtekter.
 - 4.2 Ulvik idrettsråd skal arbeida for best mogleg vilkår for idretten i heradet og skal vera ein arena for samarbeid mellom laga og kommunale myndigheiter og mellom laga og idrettskretsen.

Idrettsrådet skal gjera prioriteringar på vegne av idrettslaga.
- 5. Samarbeid, høyringsrett, medverknad**
 - 5.1 *Alle saker av felles interesse for idretten **), skal formidlast til Ulvik herad gjennom idrettsrådet.
 - 5.2 Idrettsrådet har rett til å ta del i planarbeidet i heradet på alle område som vedkjem idretten sine interesser.
 - 5.3 Saker som vert fremja til Ulvik herad av idrettsrådet, skal formidlast til administrasjonen i heradet v/rådmann
 - 5.4 Rådmannen har ansvar for å henta inn uttale frå idrettsrådet i saker som vedkjem idretten i heradet. Tenestetorget/sakshandsamar sender slik førespurnad om uttale til idrettsrådet. Idrettsrådet skal få seg førelagt alle saker av felles interesse for idretten og gi uttale til desse.
 - 5.5 Generell informasjon frå Ulvik herad til idrettslaga vert sendt med kopi til idrettsrådet.
 - 5.6 Partane har ei gjensidig informasjonsplikt i høve saker som vedkjem idretten i heradet.

**) Dette inneber at eit enkelt idrettslag ikkje tek opp ei sak direkte med heradet når saka har eller kan tenkjast å få konsekvensar for eitt eller fleire andre lag.*

6. Faste rutinar mellom heradet og idrettsrådet

- 6.1 Ulvik herad har dialog med idrettsrådet i framkant av arbeidet med heradet sitt drifts- og investeringsbudsjett som vedkjem idrettsfeltet. Budsjettprosessen mellom heradet og idrettsrådet bør vera ferdig innan 1.november kvart år.
- 6.2 Idrettsrådet er høyringsinstans i samband med rullering av kommuneplanen og kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse.
- 6.3 Idrettsrådet gir uttale til søknader om spelemidlar til anlegg
- 6.4 Idrettsrådet skal uttale seg om tildeling av driftstilskot/kulturmidlar til idrettslaga.

7. Driftstilskot til idrettsrådet – rapportering

- 7.1 Budsjetttramme for idrettsrådet løyvast av Ulvik herad gjennom årleg budsjettvedtak, pr 2021 kr 10 000 pr år.
- 7.2 Idrettsrådet sender årsmøteprotokoll, årsmelding og godkjent rekneskap til Ulvik herad etter årsmøtet. Rapportane er grunnlag for utbetaling av tilskot til idrettsrådet. Dersom idrettsrådet ikkje har brukt opp heile tilskotet frå året før, vert årets utbetaling redusert tilsvarande, slik at samla budsjett pr år er kr 10 000.

8. Andre samarbeidsområde- og informasjonsarenaer

- 8.1 Minst ein gang i året skal Ulvik herad si politiske og administrative leiing invitera idrettsrådet til å drøfta vilkår og utfordringar for idretten i heradet. Slikt møte bør finne stad på våren.
- 8.2 Idrettsrådet inviterer Ulvik herad til sitt årsmøte og andre felles møtearenaer for idrettslaga i heradet.

Denne avtalen vert lagt til orientering til Ulvik heradsstyre og til Ulvik idrettsråd sitt årsmøte.

Ulvik, den 4.november 2020


Hans Petter Thorbjørnsen
Ulvik herad


Ulvik idrettsråd